



SWECO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/732 - 23/7335

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
28.08.2023

Innspel frå Masfjorden kommune knytt til reguleringsendring Gulen industrihamn

Det vert vist til dykkar epost av 01.08.23, der de varslar oppstart av reguleringsendring ved Gulen Industrihamn. Masfjorden kommune kjem med dette med eit førebels innspel til meldinga om oppstart av reguleringsendring av detaljplanen for Gulen Industrihamn. Formannskapet vil drøfte saka nærmare i formannskapsmøte den 11.09.23, og etter dette møtet kan nytt innspelsbrev frå Masfjorden kommune vera aktuelt. Me ber dykk ta høgde for dette.

Fakta:

Planområdet ligg vest for Halsvika på nordsida av Fensfjorden, og omfattar Gulen industrihamn som er eit opparbeida industriområde med tilhøyrande kaianlegg og internvegar. Området er på ca. 1004 dekar.

I dykkar varselbrev av 10.07.2023 står det mellom anna følgjande:

« **Reguleringsendring for: Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15 Plan-id: 2013003**

Hensikta med reguleringsendringa er å endre på høgde på ei vindmølle/vindturbin i gjeldande plan. I gjeldande plan er det lagt til rette for oppføring av vindmøller med høgde opp til 150 meter. Wergeland Gruppa AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin i samband med sertifisering av turbinar, med plan om at turbinen skal overtakast av Wergeland Gruppa etter testperioden. Turbinen (vindmølla) er regulert i gjeldande plan for Gulen industrihamn, men er planlagt høgare enn det som er omtalt i planen. Til dette arbeidet er det i gang ein konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing. Det er sendt ut melding om dette arbeidet, og den 26.06.23 vart det halde eit folkemøte knytt til dette. Vindturbinen (GE Haliade-X) er ein havvindturbin og er planlagt med ein installert effekt på 17- 18 MW. Nav-/tårnhøgde vil være 150 - 160 m, mens rotordiameter vil være 250 m. Årlig produksjon er foreløpig estimert til ca. 60 - 63 GWh, tilsvarande forbruket til ca. 3750 - 4000 husstandar.»

Vidare står det følgjande:

«»Konsekvensutgreiing

I pågåande arbeid med konsesjonssøknad vert det utarbeidd konsekvensutgreiing for vindturbinen/vindmølla. Konklusjonar frå konsekvensutgreiinga vert tatt inn i arbeidet med reguleringsendringa for Gulen industrihamn Plan-id: 2013003.

På bakgrunn av oppstartsdokumenta ber Masfjorden kommune om at konsekvensar vert klargjort for følgjande tema:

- Konsekvensar for innbyggjarane i Masfjorden kommune skal drøftast og klargjerast i det vidare planarbeidet. Spesielt tema knytt til støy, lys, iskast og eventuelle forstyrningar knytt til TV signal med meir må vurderast, og avbøtande tiltak må vurderast i det vidare planarbeidet.
- Konsekvensar for dei tilsette som arbeider i og rundt reguleringsplanområdet i Sløvåg. Spesielt tema knytt til støy, lys, støv, iskast med meir må vurderast, og avbøtande tiltak for denne gruppa må vurderast i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakrar:
SWECO